



Gustav Bergstø er 87, men legg ikkje inn årene. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Gustav Bergstø, uskedeling, oppfinnar og fargeklatt, har fylt 87. Men han har visst ikkje planar om å leggja inn årene av den grunn. No har han søkt om løyve til å setja i gang to nye prosjekt.**

For det første har han avtalt med Jakop Gjerde plassering av ein oppdrettsflåte ved utlaupet frå kraftstasjonen i

Austrepollen i Mauranger og søker om løyve til dette.

Flåten har ein bære-evne på 15 tonn og ligg no like ved Felleskjøpet. Det vil bli lagt dekke over heile flåten og Bergstø ønskjer den utplassert til våren.

Det andre prosjektet er etablering av ein fiskedam på kommunen si strandlinje nedanfor aldersheimen. Han tenkjer seg den inngjerda med spuntvegg av tre ute i sjøen, gjerne i samråd med kommunen sine folk. Der vil det også vera mogeleg å leggja til rette for at også handicappa kan fiske der, opplyser Bergstø.

Han kjem i brevet til kommunen også inn på prosjektet sitt i Myrdalsvatnet og opplyser at han har overdratt rusene til Tore Nerhus.

- Han tok initiativet til å padla til inste ende av vatnet dagen etter at ruser vart sett ut og fekk sjå at stor-rusa hadde fanga litt fisk. Og dermed visste eg at dette er min mann, skriv Bergstø.

- Eg er no 87 år og har lite tid igjen og kan ikkje venta i årevis på tillatelse, heiter det i brevet til kommunen. Og så legg han til:

- Eg ønskjer meg samme friheit som eg hadde ved lakseoppdrettet i Øyerhamn

Av Ola Matti Mathisen